



Informasjon og retningslinjer for statsorgan som vil søkje om støtte frå prosjektet «Klart språk i staten»

Innleiing

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet ønskjer å oppmuntre statsorgan til å gjere ein ekstra innsats for å forbetre språket i tekstar til publikum.

Difor gjev departementet i 2011 statsorgan høve til å søkje om støtte i form av prosjektmidlar, kurs på arbeidsplassen og/eller fagleg rådgjeving frå prosjektet «Klart språk i staten» ved Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT.

Mål og målgruppe

Målet med prosjektstøtteordninga er å bidra til at statsorgan set i gang eigne språkforbetringstiltak eller styrkjer tiltak dei alt har sett i gang. Alle statsorgan kan søkje, men prosjektet prioriterer statsorgan

- som forvaltar rettar og plikter og har mykje kontakt med publikum
- som utarbeider lover og forskrifter som i sin tur påverkar språket i tekstar frå andre offentlege instansar til publikum
- som sjølve bidreg med pengar til språkarbeidet

Frist

Søknadsfristen er 10. mai 2011.

Kriterium for tildeling av støtte

Prosjektet «Klart språk i staten» vil prioritere å gje støtte til tiltak

- som er del av ei større satsing på språkforbetring
- som gjeld språket i lover og forskrifter
- som gjeld språket i og utforminga av digitale skjema
- som gjeld godt nynorsk forvaltningsspråk
- som dokumenterer effektar av språkforbetringsarbeidet, til dømes gjennom statusmålingar eller brukartesting

Prosjektet gjev ikkje støtte til omsetjing, språkvask eller administrasjon.

Språkforbetringsarbeidet skal vere forankra i den øvste leiinga for statsorganet og bør ha overføringsverdi til andre. Statsorgan som mottek støtte frå prosjektet «Klart språk i staten», må vere villige til å dele erfaringane, resultata og produkta frå sitt språkforbetringsarbeid.

Heile prosjektet «Klart språk i staten» skal evaluerast i 2011 og 2013. Statsorgan som mottek støtte frå prosjektet, kan bli bedne om å bidra med informasjon til evalueringa.

Tiltak som kan få støtte

Statsorgana kan søkje om éi eller fleire former for støtte:

1 Rådgjeving

Språkleg rådgjeving: Dette kan til dømes vere gjennomgang av dokument, skjema, lover og forskrifter. Det kan òg vere hjelp til forbetring av sentrale og viktige tekstar på nynorsk.

Prosjektarbeid: Dette kan vere hjelp til å leggje opp eit klarspråksprosjekt, planleggje evaluering osv.

2 Kurs på arbeidsplassen

Statorgana kan søkje om å få tildelt eit klarspråkskurs som skal haldast internt på arbeidsplassen. Kurset er eit todagarskurs med ekstern kurshaldar og er retta mot saksbehandlarar som skriv i jobben sin. Kurset er delvis skreddarsydd ved at kurshaldaren mellom anna tek utgangspunkt i dokument frå statsorganet (t.d. brev, skjema og regelverk). Statsorgan som får tildelt slike kurs, må sjølv dekkje utgifter til kurslokale og lunsj. Dei må òg dekkje reise- og opphaldsutgifter for kurshaldaren etter avtale. Slike utgifter blir ikkje dekte av prosjektstøtteordninga.

3 Økonomisk støtte til kjøp av tenester

Kvart enkelt statsorgan definerer sjølv kva for tenester det treng. Dei som søker om økonomisk støtte til kjøp av tenester, må innhente kostnadsoverslag og leggje det fram i søknaden. Tenestene må statsorgana kjøpe inn sjølv.

Prosjektet «Klart språk i staten» kan vedta å støtte delar av ein søknad eller delar av tiltak i ein søknad.

Rapporteringskrav

Statsorgan som mottek støtte, må rapportere om korleis dei har brukt støtta. Rapporten må sendast til sprakstotte@difi.no innan 1. mars 2012.

Meir informasjon

Meir informasjon om ordninga, søknadsskjema og kontaktpersonar finst på www.klarspråk.no under «Søk støtte».